

Tacoen smakte på Oska.

27.12.2015



Gjestene var svært fornøgte med tacoen.

7 år gamle Torger Johan Koløy og ungdommen Morten Eidsvik var enige om at tacoen som vart servert på buffeet på Oska i ettermiddag smakte svært godt. Eg høyrde også godord frå mange av dei andre middagsgjestene som i tillegg til born og ungdommar bestod både av foreldre- og besteforeldregenerasjonen.



Dei som var der likte filmen veldig godt.

Taco-måltidet var avslutning på familedagen som Smakifrå arrangerte saman med Rosendal filmklubb. Første post på programmet stod Rosendal filmklubb for. Det var visning av animasjonsfilmen ' Ernest og Celestine'. Det var første filmframvisninga til filmklubben på Oska, og lokalet viste seg å vera overraskande godt eigna til føremålet og lydmessig fungerte det svært bra. Den delen var Merethe Offerdal Tveit i Rosendal filmklubb svært fornøgd med etter at filmen var ferdig.

Frammøtet var nok noko mindre enn venta, men det er ikkje lett å konkurrera med den første snøen. Det var nok mange som ønskte å bruka dagen ute då vinteren endeleg kom, naturleg nok. Merethe Offerdal Tveit og Roy Lervåg fortalde at dei vil kjøra faste filmkveldar på Oska, gjerne kombinert med nokre matstunt. Barnefilmar vil dei kjøra med faste mellomrom på ettermiddagane i helgane. Eg trur ganske sikkert det kjem fleire neste gong, for dei som var der såg ut til å kosa seg skikkeleg med filmen i dag.

Med samarbeidet mellom SmakifråOska og Rosendal filmklubb har Uskedalen verkeleg fått eit nytt godt tilbod.

Etter filmen var det altså mexicansk taco-buffet, og det trekte meir folk til Oska. Gjestene kosa seg med den gode maten. Neste opne arrangemen på vertshuset på Sandakaien er Romjulsdisco tirsdag 29.12. Då opnar dørene frå kl.20. Det vert servering av Oskas barmat, og DJ Oddvar og DJ Tom Tom spelar opp frå kl.21.30.



På buffeet kunne ein velja mellom kylling, okse- og svinekjøt med mexikanske smakar, salatar og sausar. Meget godt var dommen.
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland